

## Velkomen som ny klassekontakt barnetrinn 1.-4.

Vi i FAU (Foreldrerådets Arbeidsutval) og skulen ynskjer å informere litt om kva som er nyttig å ha med seg i rolla som ny klassekontakt for din klasse.

Skulen har ei eiga heimeside [her](#), der ein finn all informasjon ein treng om skulen. Her ligg det også ei [informasjonshandbok](#) for skulen, som inneheld blant anna ei oppgåve liste for deg som er ny klassekontakt. I informasjonshandboka ligg det også eit Årshjulet med alle aktivitetar som skjer i løpet av skuleåret der føresette og FAU har ansvar for å planlegge og organisere.

### Kva rolle har FAU?

Foreldrerådet og FAU skal fremje fellesinteressene til foreldra og medverke til at elevar og foreldre tar aktivt del i arbeidet for å skape godt skulemiljø. Det skal også arbeide for å skape godt samhald mellom heim og skule, legge til rette for trivsel og positiv utvikling hjå elevane og skape kontakt mellom skulen og lokalsamfunnet. I kvar klasse skal det veljast to klassekontaktar og dei to vel den som skal sitte i FAU eller vere vara i FAU. Klassekontaktane ber føresette i dei ulike trinna om å sende inn saker dei ynskjer å drøfte i FAU. Her må ein ha med seg at ein ikkje kan drøfte saker som gjeld enkelte elevar, det må ein ta opp direkte med kontaktlærer eller avdelingsleiar og rektor. I FAU drøfter vi saker som gjeld fellesskapet. For kvart FAU møte vert det laga ein agenda med innkomne saker og referat vert sendt ut til alle føresette i etterkant via Visma.

### Viktige tema i klassemiljøet

I tillegg så har vi nokre tips til kva tema ein bør ta opp med føresette og einast om nokre "køyrereglar" for kva gjer vi i vår klasse.

#### **Venne-gruppe**

Dette er ein god måte for borna å bli kjent på tvers av klassen, og dei får gjerne vere med andre enn dei faste leikevenane. Dette blir ofte organisert ilag med kontaktlærer.

#### **Bursdag**

Vi ynskjer at alle skal bli inkludert, at ingen føler seg ekskludert frå feiring. I nokre klassar er det stort tal elevar og ein har då gjerne valt å invitere alle gutane eller alle jentene, så det ikkje blir så mykje for familien som skal arrangere bursdag. I nokre klassar er det mindre tal elevar og ein vel gjerne å invitere alle. Forventingar og krav til barnebursdagane ynskjer vi skal vere låge, for å sikre at alle har anledning til å få feira klassebursdag.

Dersom ein skal invitere berre nokre, må det vere eit mindretal av klassen, likevel kan ein risikere at det alltid er nokon som ikkje blir invitert.

#### **Mobil**

Vi veit at behovet for mobiltelefon er ulikt, så dette må bli opptil kvar enkelt familie. Nokre klassar har gjerne satt ei grense på 10 år til dømes før ein får eigen mobil. Skulen har klare reglar på bruk av mobil i skuletid.

#### **Sosiale media og internett**

Dette er eit tema som vert ofte drøfta i møte med føresette og på skulen. Å verte einige i fellesskap gjer ofte til at det er enklare å stå imot press på for eksempel bruk av appar som Snap, Tik tok,

Facebook og liknande. Det er aldersgrenser på dei ulike sosiale media, så ein kan gjerne avtale i fellesskapet at desse blir følgt så godt som det går.

**Korleis vil vi at skulen vår skal vere og sjå ut.**

Viktig med god samhandling mellom føresette og skulen, og at begge partar er bra til å gje både positive og negative tilbakemeldingar, slik at vi får ein så god skule som mogleg.

Vi har eit nytt og fint skulebygg og område rundt, og vi ynskjer å behalde den slik lenge. Viktig at både store og små behandlar inventar og område på best mogleg måte, og respektere dei reglar som er satt ved bruken. Då kan alle få glede av den fine skulen vår i lang tid framover.

Vi anbefaler deg som ny klassekontakt å tidleg snakke med kontaktlærer og planlegge skuleåret, og vi i FAU og skulen er svært takknemleg for den rolla du har teke på deg.

**Vi ynskjer deg lukke til med skuleåret, og ver ikkje redd for å ta kontakt dersom du har spørsmål til oss.**

**FAU v/Dingemoen skule, leiar: Jostein Jarstad**